

Stad kommune

Årsrapport og rekneskap 2023

Vedteke i kommunestyret 2. mai 2024 – sak 24/053

Revisjonsmelding og rekneskap frå side 43

Føreord

Stad kommune har fleire roller i samfunnet, som demokratisk arena, samfunnsutviklar, tenesteytar og forvaltar. Som kommune har vi eit ansvar for å fremje berekraftig utvikling for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar gjennom å utøve alle desse rollene. Og berekrafta i det som vi gjer som kommune skal syne att både i den daglege drifta og i den langsiktige planlegginga for både areal, samfunn og økonomisk styring.

Førande for oppbygginga av og innhaldet i årsrapporten er kommunelova § 14-7. Lova set krav om at årsrapporten skal gjere greie for forhold som er viktig for å vurdere den økonomiske utviklinga og stillinga, og om den økonomiske utviklinga og stillinga tek i vare den økonomiske handleevna over tid. Kapitla "Menneskelege ressursar" og "Økonomisk status og utvikling" i årsrapporten vektlegg rekneskap og hovudtal i den kommunale økonomien for Stad kommune.

I årsrapporten skal det også gjerast greie for kommunen si måloppnåing og andre ikkje-økonomiske forhold som er av betydning for kommunen eller innbyggjarane. Årsrapporten syner difor Stad kommune sine mål og satsingsområde. I tillegg finn ein i årsrapporten ein omtale av kommunen sine tenester, og ei oversikt over kva ein i løpet av 2023 har fått på plass eller gjennomført innanfor dei enkelte tenestekområda. Til slutt følgjer vurderingar og utfordringane vi ser i det vidare ut frå drifta i 2023.

Årsrapporten syner at kommunen har ei god tenesteyting med fokus på kvalitet og kontroll. Men sjølv om kommunen driv godt, så er der utfordringar å ta tak i. Vi er framleis ein nyetablert kommune, og det tar tid å setje nye strukturar og samarbeidsformer. Som alle andre kommunar må vi setje oss i stand til å handtere demografiske endringar, klimaendringar og omstilling til eit lågutsleppsamfunn, internasjonal uro, rask teknologisk utvikling og ein arbeidsmarknad i omstilling.

Kommunen hadde for 2023 vedteke budsjettet med netto driftsresultat på minus (underskot) kr 37,0 mill. dekt inn ved bruk av disposisjonsfond. Resultatet syner eit netto driftsresultat på pluss (overskot) kr 1,0 mill. utan bruk av disposisjonsfond. Dette utgjer eit netto prosentvis driftsresultat på 0,1 %. God og langsiktig økonomistyring blir avgjerande for å kunne yte gode tenester til innbyggjarane i åra framover.

Organisering

Organisering og styring

Verksemdstyring

God leiing og gode plan- og styringsprosessar er ein føresetnad for at Stad kommune skal kunne ivareta rollene som arena for lokaldemokrati, som samfunnsutviklar, som tenesteytar og som forvaltar og myndigheitsutøvar.

Gode strukturar i verksemdstyringa skal ivareta dei folkevalde sitt ansvar for strategisk styring og prioritering, og kommunedirektøren sitt ansvar for å iverksetje politiske vedtak.

Heilskapleg og effektiv verksemdstyring skal sikre god leiing, planlegging og styring av drifts og utviklingsoppgåver. Dette skal sikre at kommuneorganisasjonen:


- Følgjer opp lover og forskrifter
- Sett i verk politiske og administrative vedtak, prioriteringar og mål
- Brukar ressursane effektivt
- Oppnår best mogleg resultat og kvalitet innanfor tenestene utifrå tilgjengelege ressursar
- Vert styrt på ein lik og samordna måte, mellom og innan kommunalområda

Kommuneplanen sin samfunnsdel er det overordna styringsdokumentet i Stad kommune. Visjonen "Verdas beste vesle stad" og samfunnsmålet "Stad er eit livskraftig og trygt samfunn der vi alle dreg i lag", er fastsett i samfunnsplanen og vil difor vere retningsgjevande for strategisk styring og prioritering. I samfunnsplanen er det lagt vekt på at endring og berekraftig utvikling er premissar for livskraft, jf. [FN sine berekraftsmål](#) og [Telemarksforsking sin attraktivitetsteori](#). Samfunnsdelen vert utdjupa gjennom ulike temaplanar, jf. [Stad kommune sin planstrategi](#).

Dei overordna prinsippa for leiing, planlegging og styring er skildra i det administrative dokumentet «Verksemdstyring i Stad kommune».

Politisk organisering

Kommunestyret er det øvste politiske styringsorganet i kommunen, og består av 31 medlemmar. Det er kommunestyret som fattar vedtak på vegne av kommunen om ikkje anna følgjer av lov eller delegering. Kommunestyret har det øvste tilsynet av den kommunale forvaltninga, og kan krevje ei kvar sak lagt fram for seg til orientering eller avgjerd.



Figur: Politisk organisering i Stad kommune

Stad kommune er politisk organisert etter formannskapsmodellen, som betyr at formannskapet vert valt av kommunestyret etter partia sin representasjon i kommunestyret.


Formannskapet består av 9 medlemmar. Kommunestyret har i tillegg oppretta tre utval som har fått delegert ansvar etter visse særlover. Utvala har avgjerdsmynde innanfor sine ansvarsområde. Ansvarsområda for formannskapet og utvala går fram av delegeringsreglementet til Stad kommune. Både formannskap og utval har innanfor sine ansvarsområde innstillingsrett til kommunestyret. Utvala kan også uttale seg i andre saker, der vil innstillinga gå til formannskapet.

Råda i Stad kommune er partipolitiske uavhengige rådgjevande organ som skal fremje respektive synspunkt ovanfor lokalpolitikarane og arbeide for at Stad kommune skal bli ei god kommune å bu i for dei respektive gruppene. Stad kommunestyre har valt tre råd som alle har ein formell plass i den politiske strukturen; Ungdomsrådet, Råd for menneske med nedsett funksjonsevne og Eldrerådet. Stad kommune har også eit nært og formalisert samarbeid med idretten gjennom etableringa av Stad Idrettsråd.

Stad kommune har også eit kontrollutval, som er kommunestyret sitt eige kontroll- og tilsynsorgan og skal sjå til at kommunen leverer sine tenester på ein effektiv og målretta måte i tråd med lov, forskrifter, statlege føringar og i tråd med kommunestyret sine vedtak.

Administrativ organisering

Stad kommune er administrativt organisert etter tonivåmodellen, med to formelle avgjerdsnivå; kommunedirektør og einingsleiarane.



Kommunedirektøren er kommunen sin øvste leiar og har dermed personalansvar og ansvar for saksutgreiingar for folkevalte organ og iverksetjing av politiske vedtak. Nærare skildring av kva som er delegert til kommunedirektøren er å finne i delegeringsreglementet til Stad kommune.

Einingsleiarane er ansvarlege for sine verksemdar innanfor rammene av dei fullmaktene som er delegerede frå kommunedirektøren. Dette inneber at einingsleiarane har mynde til å sikre einingane si drift, både når det gjeld faglege, økonomiske, personalmessige og organisatoriske forhold.

Den hierarkiske organiseringa av kommunen gjev høve til å spesialisere arbeidsoppgåver, og gjev grunnlag for å bli gode på det vi gjer slik at vi klarar å levere tenester effektivt. For å kunne levere heilskaplege tenester har vi i tillegg behov for å løyse oppgåver på tvers, dette inneber at vi tar ansvar for dei store utfordringane på tvers av hierarkiske inndelingar av organisasjonen. Dersom vi skal realisere strategiane våre, så må vi tenke nytt om korleis vi skal lukkast med samordning og samarbeid internt i organisasjonen og ikkje minst i møte med innbyggjarane og næringslivet.

Organisasjonsstrukturen for Stad kommune er oppretta med det føremål å bidra til tverrfagleg samarbeid, og særleg stabsavdelingane har roller som intern koordinator for ulike former for organisatoriske samarbeid, levere felles rapporterings- og styringssystem og yte den støtte som kommunalområda treng for å oppfylle både overordna og eigne målsettingar innanfor gitte område. Fellesressursane for Stad kommune er av den grunn samla i stab- og støttetjenestene, og ein finn i svært liten grad administrative ressursar ute i einingane. Forpliktande samarbeidsavtalar, prosjektarbeid, faste forum, arbeidsgrupper og team er arbeidsmåtar som bidreg til å løyse sektorovergripande oppgåver og utnytte kompetanse på tvers.

Menneskelege ressursar

Medarbeidarar

Kompetansen til medarbeidarane i Stad kommune er den viktigaste ressursen kommunen har på alle nivå og innanfor alle tenester. Kvar dag - året rundt er medarbeidarar i Stad kommune på jobb for at vi alle skal ha ein god og trygg stad å bu. Det er dei tilsette som gjer at kommunen kan yte tenester av høg kvalitet kvar dag. Samstundes vert kommunen utsett for stadig større konkurranse om tilgjengeleg arbeidskraft. Skal vi legge til rette for vekst i folketalet og sikre at kommunane og næringslivet elles har nødvendig arbeidskraft, må vi satse på dei som bur her, samstundes som vi må tiltrekke oss nye. For å skaffe oss kvalifisert personell må kommunen vere ein attraktiv arbeidsplass og legge til rette for vidareutvikling og kompetanseheving, god leiging, inkluderande arbeidsliv, godt arbeidsmiljø, heiltid og likestilling.

Likestilling og mangfald

Kjønnsfordeling

Per 31.12.2023 har Stad kommune 958 faste tilsette fordelt på 785 kvinner og 173 menn. Dette utgjer ein kvinnedel på 82 %. Samla tal årsverk per. 31.12.2023 var om lag 808,5 årsverk (802 i 2021, 786 i 2022). Det var 588 som arbeidde heiltid, og 370 i deltid. Av dei som arbeidde deltid var det 328 kvinner og 42 menn. Gjennomsnittsprosenten for kvinner var 84,1 % og for menn 85,8 %.

Gjennomsnittsprosenten for fast tilsett er 84,3 %. Der er 131 menn som arbeider heiltid, 457 kvinner.

Per 31.12.23 er 19 menn og 65 kvinner fast tilsette som leiarar. Dette utgjer ein kvinnedel på 70,8 %. Kjønnsfordelinga blant einingsleiarane i Stad kommune er 57,9 % kvinner og 42,1 % menn.

Leiarar	Totalt	K	K%	M	M%
9440 kommunedirektør	4	3	75 %	1	25 %
9440 kommunalsjef					
9451 leiar/einingsleiar	30	19	57,9 %	11	42,1 %
9454 ass. einingsleiar/ avdelingsleiar	18	16	88,9 %	2	11,1 %
9954 ass. rektor					
7451/7458/7951 fagleiar/avd.leiar/rektor	28	25	88 %	3	12 %
7453/ 7459 fagleiar m/sær.grense					
7954 undervisn.insp	4	2	50%	2	50%
Totalt	84	65	70,8 %	19	29,2 %

Tabell: Kjønnssfordeling i leiargruppene per 31.12.23

I desse stillingskodane er det ikkje mannlege tilsette per 31.12.2023: ergoterapeut, barnehagelærar, sørvismedarbeidar, bibliotekar, helsesekretær, helsesjukepleiar, spesialhjelppeleier, fagleiar med særaldersgrense og sosialkonsulent.

I desse stillingskodane er det ikkje kvinnelege tilsette per 31.12.2023: vaktmeister, teknikar, brannbefal, uttrykkingsleiar.

Vi har også stillingsgrupper med låg del av menn, dette er for eksempel pedagogiske leiarar, der tre av 30 tilsette er menn og sjukepleiarar der tre av 79 sjukepleiarar er menn. Av 145 lærarar er det 28 menn. Betre kjønnsbalanse i desse yrka vil styrke arbeidsmiljøet og tilbodet til våre tenestemottakarar.

Det er ikkje sett i verk særskilde tiltak for å betre kjønnsbalansen i Stad kommune. I nokre stillingsutlysingar i kvinnelederte yrke, oppmodar vi særleg menn til å søkje. Dette bør vi halde fram med. Vi bør også oppfordre kvinner til å søkje på stillingar i dei tenestene der det i dag er ei overvekt av menn. Stad kommune er ikkje unik i Noreg. Det same biletet i kjønnsfordelinga ser vi også i dei aller fleste kommunane i landet. Kommunal sektor er kvinnelederte. Vi vil halde fram med å oppmode menn om søkje stillingar der det er overvekt av kvinner, og omvendt.

Kjønn og løn

Stad kommune utarbeider lønsstatistikk i samband med dei lokale forhandlingane knytte til hovudtariffavtalen sine lønskapittel 3 og 5. Dette er grunnlag inn i dei årlege lønsforhandlingane. I 2023 vart det gjennomført lokale forhandlingar etter Hovudtariffavtalen (HTA) kap. 3.4.1 toppleiarar, kap. 3.4.2 einingsleiarar, kap. 3.4.3 assisterande einingsleiarar og kap. 5 rådgjevarar, legar og ingeniørar. Desse har lokalt fastsett løn med årlege lokale forhandlingar.

I kap. 4 følgjer Stad kommune det nøytrale lønssystemet som er basert på den tilsette sin formal- og realkompetanse, med årleg sentral lønsjustering og med lokal forhandling dersom det vert sett av midlar til dette sentralt. I 2023 vart det ikkje sett av lokale midlar til lønsforhandling etter kap. 4.

Kommunen har eit tett samarbeid med tillitsvalde i samband med stillingsutlysingar, tilsetjingar og forhandlingar.

Gjennomsnittsløna for kap. 3.4.1 toppleiarane i kommunen per 31.12.2023 var kr. 1.071.160. Kommunalsjefane hadde lik løn på kr. 1.058.100.

Gjennomsnittsløna i kap. 3.4.2 einingsleiarar var kr. 796.520 per 31.12.2023. Gjennomsnittsløna for kvinner var kr. 792.189 gjennomsnittsløna for menn i dette kapitelet var kr. 804.750. Om vi ser vekk frå ein mannleg einingsleiar si løn, er snittløn for menn kr. 782.156.

I kap. 3.4.3 assisterande einingsleiarar/avdelingsleiarar var gjennomsnittsløna per 31.12.2023 kr. 691.544.

Gjennomsnittsløna i kap. 5 rådgjevar, legar, ingeniørar per 31.12.2023 var kr 779.655. For kvinner var gjennomsnittsløna kr. 731.507 og for menn var den kr. 869.240. Kvinner sin del av menn si løn var 84,15 %. Gjennomsnittsløna varierte mellom stillingskodane. I kap. 5 var det særleg legane som trekk opp gjennomsnittsløna.

Inkludering

Etter likestillings- og diskrimineringslova § 26 skal kommunen som arbeidsgjevar arbeide aktivt, målretta og planmessig for å fremje likestilling og hindre diskriminering på grunn av kjønn, graviditet, permisjon ved fødsel eller adopsjon, omsorgsoppgåver, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsetjing, seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk, eller kombinasjonar av desse grunnlaga, og søkje å hindre trakassering, seksuell trakassering og kjønnsbasert vald. Arbeidet skal blant anna omfatte områda rekruttering, løns- og arbeidsvilkår, forfremjing, utviklingshøve, tilrettelegging og mogelegheit for å kombinere arbeid og familieliv.

Etter likestilling- og diskrimineringslova § 26 a har kommunen plikt til å utgreie den faktiske tilstanden når det gjeld kjønnslikestilling i verksemda og kva vi gjer for å oppfylle aktivitetsplikta etter § 26. Anna kvart år har vi plikt til å kartlegge lønsforholda fordelt på kjønn og bruken av ufrivillig deltid. Likestillingsutgreiing for 2023 vil bli handsama i administrasjonsutvalet våren 2024.

Heiltid og deltid

Stad kommune sine retningslinjer for heiltidskultur vart vedteke i kommunestyret 19.03.2020. Målsetjinga i retningslinjene er at minst 75% av dei tilsette arbeider heiltid og at minst 90 % av dei tilsette har fast tilsetjingsforhold. I Stad kommune har vi nådd målalet om at minst 90 % av våre tilsette har fast tilsetjingsforhold. Sentraladministrasjonen og kommunalområdet oppvekst og opplæring har nådd målet om at fleire enn 75 % av dei tilsette arbeider heiltid.

Per 31.12.2023 har Stad kommune 958 faste tilsette og om lag 808,5 årsverk. Gjennomsnittleg stillingsprosent i kommunen var 84,4 % (83,53 % i 2022). 61,3 % av dei tilsette arbeidde heiltid (57,28 % i 2022, 55,8 % i 2021, 53 % i 2020), noko som er ei positiv trendutvikling. 87 tilsette var i permisjon (47,3 årsverk), og vi hadde 89 vikarar med avtalt stillingsprosent pr. 31.12.2023. 29 av desse vikarane har fast stilling i Stad kommune. 33 av vikarane arbeidde i 100 % vikariat.

	Tilsette	Årsverk	Gj.snittleg stillings %	Heiltid
Stad kommune	958	808,5	84,4 %	61,3 %

Tabell: Gjennomsnittleg stillingsprosent, heiltid i Stad kommune per 31.12.23

Tilsette i sentraladministrasjonen hadde høgast gjennomsnittleg stillingsprosent med 94,4 %, medan tilsette i helse og omsorg hadde lågast gjennomsnittleg stillingsprosent med 77,9 %. Det var også sentraladministrasjonen som hadde størst del heiltidstilsette med 85,7 %. I helse og omsorg arbeide 46,35 % av dei tilsette i heiltidsstillingar.

	Tilsette	Årsverk	Gj.snittleg stillingsprosent	Heiltid
Stad kommune	958	808,5	84,4 %	61,3 %
Sentraladministrasjonen	49	46,2	94,4 %	85,7 %
Oppvekst og opplæring	308	285	92,5 %	77,6 %
Helse og omsorg	494	385	77,9 %	46,35 %
Kultur og samfunn	107	92,3	86,3 %	72 %

Tabell: Gjennomsnittleg stillingsprosent og heiltid i kommunalområda per 31.12.23

Dersom ein ser på nokre stillingsgrupper i kommunen så finn ein at delen som arbeider heiltid varierer sterkt. Over 82,75 % av pedagogane i skule og barnehage arbeider heiltid, medan berre 45,56 % av sjukepleiarane gjer det same. Leiarar og fagleiarar er ikkje rekna med i talet sjukepleiarar. Sjukepleiarane har likevel ein relativt høg gjennomsnittleg stillingsprosent på 85,38 %.

	Tilsette	Årsverk	Gjennomsnittleg stillingsprosent	Heiltid
Reinhaldar	30	25,14	83,80 %	60 %
Pedagogar i skulen	145	136	93,8 %	82,75%
Barnehagelærarar og ped.leiar	50	47,6	95,2 %	82 %
Sjukepleiarar/spesialsjukepleiar og helsesjukepleiarar	79 (92 i 2022)	67,45	85,38 %	45,56 %
Vernepleiarar	18 (14 i 2022)	15,85	88 %	75,2 %
Helsefagarbeidar/fagarbeidar innan helse og omsorg	148	122,3	82,7 %	42,56 %
Assistent innan helse og omsorg	106	59,5	56,1 %	16 %

Tabell: Heiltid i ulike stillingsgrupper per 31.12.23

Arbeidsgjevar tilbyr sjukepleiarar 100 % stilling, slik at årsaka til lågare stillingsprosent er redusert arbeidsevne grunna sjukdom eller fordi medarbeidarar ikkje ønskjer å arbeide i full stilling. Idet

kommunen har behov for fleire sjukepleiarar til å løyse oppgåvene våre med nødvendig kvalitet, er det eit viktig satsingsområde å motivere og leggje til rette for at fleire sjukepleiarar vil arbeide i 100 % stilling. Om vi skal nå målet om heiltid, må det arbeidast med å forankre kulturen om at heiltid betrar kvaliteten i tenestene våre.

Ein stor del av grunnen til at vi har mange tilsette i redusert stilling i helse og omsorg er fordi vi må få helgeturnusen til å gå opp. I mange av desse helgestillingane har vi tilsett assistentar. Det er ei utfordring for organisasjonen at vi har assistentar som i tillegg til å mangle utdanning, også arbeider i låg stillingsstørrelse. Dette kan gå ut over kvaliteten på tenestene våre. Det er likevel ein medviten strategi frå arbeidsgjevar si side å ikkje auke opp stillingsprosenten til assistentar utan at dei tek nødvendig fagutdanning.

Stad kommune legg til rette for at vaksne assistentar kan få gjennomføre teorikurs før gjennomført fagprøve. Vi legg også til rette for at assistentar som gjennomfører teorikurset for fagprøve skal få mest mogleg praksis. Vi har inngått eit samarbeid med Nordfjord opplæringskontor knytt til oppfølging og støtte til assistentar som ønskjer å ta fagbrev. I dette ligg oppfølging på arbeidsplassen med tanke på læreplan og støtte til å førebu teorieksamen og fagprøver.

	Totalt	Totalt kvinner/ menn	Kvinner frivillig/ufrivillig	Menn frivillig/ufrivillig
Stad kommune	371	329/42	254/75	33/9
Sentraladministrasjonen	7	7/0	6/1	
Oppvekst og opplæring	69	63/6	57/6	6/0
Helse og omsorg	265	236/29	173/63	22/7
Kultur og samfunn	30	23/7	18/5	5/2

Tabell: Oversyn over frivillig/ufrivillig deltid i Stad kommune

- Det er færre som arbeider deltid i Stad kommune i 2023 enn i 2022, då var det 402 som arbeidde deltid, no er det 371. 299 av desse arbeidde i helse og omsorg i 2022, i 2023 var det 265
- Størstedelen av dei som har ufrivillig deltid, er assistentar i helse og omsorg
- Det er 84 av 106 assistentar innan helse og omsorg som arbeider deltid
- I den årlege tilsetjingsprosessen knytt til ny årsarbeidsplan og grunnturnus innan helse og omsorg var det 10 tilsette som fekk auka stillinga si til 100 % stilling, 24 tilsette fekk auka stillingsprosent. 18 tilsette fekk avslag på auke av si faste stilling
- Innan oppvekst og opplæring var det ein tilsette som fekk 100 % stilling frå 01.08.2023 i den årlege tilsetjingsprosessen, to fekk auke i stillingsprosent, tre fekk avslag på søknad om auke i stilling

Vi har system for at medarbeidarane kan melde ønskje om auka stilling i samband med årleg tilsetjing i årsarbeidsplan og grunnturnus innan helse og omsorg. Tilsette sin ønskjer vert drøfta med dei tillitsvalde slik at rettar etter lov vert tekne i vare. Vi lyser stadig ut stillingar med krav som helsefagleg utdanning, og deltidstilsette medarbeidarar kan då krevje fortrinnsrett til stilling dersom dei er kvalifiserte.

Innan oppvekst og opplæring har vi system for at tilsette melder inn ønskje om auka stilling i samband med tilsetjingsprosessen i februar, før utlysing av ledige stillingar frå hausten av.

Det er ulike årsaker til at tilsette arbeider redusert. Årsaker kan vere helse, livsfase, belastningar i

arbeidet og anna arbeid.

Mellombels tilsetjing og vikarbyrå

Per 31.12.23 hadde Stad kommune 12 mellombelse avtaler (engasjement), tre menn og 9 kvinner. Tre av engasjementa er i 100 % stilling. Tre av dei tilsette har fast stilling i Stad kommune, men har teke på seg mellombelse engasjement. Fem av engasjementa er i oppvekst og opplæring, fem er i helse og omsorg. Engasjementa er knytt tidsavgrensa prosjekt finansierte av eksterne prosjektmidlar og behov i skule for å sikre forsvarleg drift. I tillegg hadde kommunen 89 vikaravtaler med fast avtalt stillingsprosent ved utgangen av året. Dette var mellombelse avtaler for å dekkje opp for sjukefråvær, ymse permisjonar og anna fråvær.

75 av vikarane er kvinner, 14 er menn. 22 av vikarane har fast arbeidsavtale med kommunen frå før. 36 av vikarane arbeidde i 100 % stilling, der fire av desse var menn, 31 kvinner.

25 av dei 101 mellombelse avtalane er med tilsette i fast tilsetjingsforhold, noko som gjer at vi har 76 tilsette utan fast tilsetjingsforhold i kommunen pr. 31.12.2023 (7,9 %). 92,1 % av våre tilsette har altså eit fast tilsetjingsforhold ved utgangen av året, noko som er betre enn målet vårt på 90 %.

Vi har brukt til saman kr. 3.018.829 på vikarbyrå innan helse og omsorg i 2023. I 2022 brukte vi kr. 4.226.254, i 2021 kr. 7.984.251. Kr. 1.017.310 vart brukt i eininga helse, kr. 2.001.519 på Seljetunet. Årsaka til bruk av vikarbyrå var behov for kompetanse, manglande søknader på utlyste stillingar, sjukmeldingar og ferieavvikling.

Oppdragstakarar

Stad kommune hadde 52 oppdragstakarar per desember 2023, der 38 av dei var innan oppvekst og opplæring (barnevern) og 13 innan helse og omsorg. Dette inkluderer fosterheimar, besøksheimar, tilsynsførarar og fritidskontaktar.

Verktøy for ressursstyring

Tieto Ressursstyring (RS) vert nytta i alle avdelingar med turnusarbeid i helse og omsorg. I tillegg vert RS nytta i eigedom, kommunalteknikk, opplæring og integrering, NAV Nordfjord, i tre av barnehagane i gamle Selje kommune, i eining for helse, opplæring og integrering og personal og kommunikasjon.

Som ein del av arbeidet med heiltidskultur starta helse og omsorg med årsarbeidsplan i 2015. Vi har ikkje fått til ein felles rammeavtale for årsarbeidsplan med alle fagorganisasjonane i 2023. Vi har dermed planlagt med to ulike arbeidstidsordningar; 12 vekers grunnturnus for NSF-medlemmar og årsarbeidsplan for dei andre tilsette.

Rekruttering og kompetanseutvikling

Rekruttering

For å tiltrekke oss nye, kompetente medarbeidarar må vi arbeide med omdømet vårt. Det er dei tilsette som er våre viktigaste historieforteljarar og som formidlar at Stad kommune er ein god og trygg arbeidsplass. Gode planar og system, leiarar med god relasjonskompetanse som arbeider systematisk med kompetanseutvikling og HMS, kan medverke til at medarbeidarane våre fortel historier som gjer at andre har lyst til å arbeide i Stad kommune.

I 2023 lyste Stad kommune ut 151 stillingsannonsar med til saman ca 390 stillingar. Talet inkluderer ferievikariat i helse og omsorg og i tekniske einingar. Til saman vart det levert inn 1018 søknader, noko som var ein auke frå 2022 då vi fekk 781 søknader på stillingsannonsane. 294 av søknadene i 2023 var levert av menn (213 i 2022) og 720 av søknadene var leverte av kvinner (564 i 2022). 4 av søkjarane hadde ikkje merka av kjønn. Ein person kan ha søkt på fleire stillingar. I 111 (90 i 2022) av stillingsannonsane lyste Stad kommune etter 100 %. Vi hadde flest søkjarar i aldersgruppa 21-25 år. Desse søkjer i stor grad på ferievikarjobbar.

Kommunen har særleg utfordringar med å rekruttere sjukepleiarar og vernepleiarar. I 2023 har dette særleg vore merkbart i institusjonane Seljetunet og Hogatunet, som har hatt fleire utlysningar utan kvalifiserte søkjarar. Mange av einingane i helse og omsorg har eit konstant behov for vikarar. Dei siste åra har vi også hatt utfordringar med å rekruttere kvalifisert personell til ingeniørstillingar og fagarbeidarstillingar i tekniske tenester. På dette fagområdet konkurrerer vi i særleg høg grad med næringslivet.

Stad kommune samarbeider med Nordfjord opplæringskontor, Nordfjordakademiet og Framtidsfylket for å rekruttere og promotere Stad kommune og Nordfjord som arbeids- og buområde. Kommunen arbeider med informasjons- og marknadsføringsarbeid og har ulike rekrutteringskampanjar på sosiale media.

Lærlingar

Nordfjord opplæringskontor skal på vegne av Stad kommune arbeide for å styrke arbeidet med lærlingar i kommunen og medverke til å byggje opp eit system som tek i vare lærlingane på best mogleg måte.

Stad kommune har pr. 31.12.23 til saman 23 aktive lærlingar i organisasjonen, der seks av desse er YSK-lærlingar. To av lærlingane er menn. Vi har tre lærlingar til barne- og ungdomsarbeidar, ein lærling innan kjøkkentenesta og ein innan kommunale vegar 17 til helse og omsorgsarbeidar. I tillegg har vi 7-ysk-elevar.

Det var 8 lærlingar som gjennomførte fagprøve innan helsefag i 2023, fire innan barn- og ungdomsarbeidarfag. Det er 10 som har planlagt fagprøve i helsefag og ein innan barn –og ungdomsarbeidarfag i 2024. Stad kommune vil rekruttere fleire lærlingar inn i organisasjonen med start i august 2024.

Kompetanseutvikling

Stad kommune har utarbeidd kompetanse- og rekrutteringsplan for perioden 2021 - 2024. Kompetanse- og rekrutteringsplanen skal bidra til at vi arbeider meir målretta og strategisk for å utvikle kompetansen til våre medarbeidarar, skaffe nødvendig kvalifisert personell og nytte kompetansen vi har på ein best mogeleg tenleg måte. For å skaffe nødvendig kvalifisert personell må Stad kommune stå fram som ein attraktiv arbeidsgjevar.

Målet med kompetanse- og rekrutteringsplanen er at den skal opplevast som eit nyttig styringsverktøy for å skaffe, utvikle, mobilisere og avvike kompetanse. Kompetanse- og rekrutteringsplanen er meint å gje retning for kva kompetanseområde som er prioritert, på kort og på lang sikt. I tillegg til overordna kompetanse- og rekrutteringsplan har einingane utarbeidd egne planar i dette arbeidet.

Innan oppvekst har 13 tilsette gjennomført utdanning i 2023, då med tilskot frå Statleg ordning. Innan helse og omsorg er det 12 tilsette med vedtak om tilskot til vidareutdanning gjennom fylkeskommunal ordning.

Stad kommune har avtale om KS læring som er kommunane sin eigen e-læringsportal. I 2023 er det arbeidd med å utvikle e-læringskurs kompetansepakkar for helse og omsorg.

Leiarutvikling

Kommunen er i kontinuerleg endring og omstilling. Kommunen treng trygge og tydlege leiarar som står samla for å løyse oppgåvene. Samarbeid på tvers i organisasjonen og samskaping med ulike aktørar i kommunen, berekraftig miljø og livskraftige tettstadar og samfunn, er avgjerande for å lukkast med visjonen, strategien og måla våre. Våre leiarar skal vise veg for sine tilsette, motivere til innsats og leggje til rette for livslang læring og meistring. Vi er òg avhengige av at leiarane tek ansvar for økonomi, personale og drifta i eiga eining.

Vi har over tid arbeidd med leiarutvikling i eigen organisasjon med felles leiarsamlingar. Vi har arbeidd med å skape felles forståing for overordna mål og strategiar for å få til samarbeid og felles ansvar. I 2023 vart det gjennomført 8 leiarsamlingar for einingsleiarane i kommunen. Sentrale tema i leiarsamlingane er HMS og arbeidsmiljø, omstilling, samskaping og samarbeid, innovasjon og sjølvrefleksjon om eiga leiing. Vi har fleire leiarar som har teke leiarutdanning i 2023.

Etikk

Stad kommune sine etiske reglar vart vedtekne av kommunestyret 06.02.2020, jf. KS-20/015. Hovudmålet med dei etiske reglane er å hindre økonomisk misleghald og korrupsjon i Stad kommune. Vi ønskjer at Stad kommune skal vere kjenneteikna av tillit og byggje på ein høg etisk standard.

Internkontroll og HMS

Det følgjer av arbeidsmiljølova § 3-1, jf. Internkontrollforskrifta, at arbeidsgjevar skal kartleggje fare, vurdere risiko, og utarbeide tilhøyrande planar og tiltak for å redusere risikoforhold. I tillegg skal arbeidsgjevar fastsetje mål for helse, miljø og tryggleik og ha oversikt over verksemda sin organisasjon, mellom anna korleis ansvar, oppgåver og mynde er fordelt. Kommunen skal gjere greie for tiltak som er sett i verk og planlagt for å sikre kontroll og ein høg etisk standard.


Kommunesektoren har ansvar for mange oppgåver som er viktige for innbyggjarane, og det er nødvendig med god styring for å ivareta innbyggjarane sine behov og rettar. God eigenkontroll bidreg til å byggje opp tilliten til kommunen, og gir samstundes grunnlag for læring og forbetring.

Systematisk HMS-arbeid

Arbeidsgjevar skal sørge for at dei tilsette medverkar i utøvinga av internkontrollen, jf. internkontrollforskrifta § 4. Det systematiske HMS-arbeidet er organisert gjennom arbeidsmiljøutvalet (AMU), tverrfagleg HMS-gruppe, medarbeidersamtalar, dialogmøte, trepartsmøte og årlege kartleggingar og risikovurderingar slik at arbeidstakar får moglegheit til å påverke. Stad kommune har ein overordna HMS-handlingsplan. Kunnskap om status og utvikling dannar grunnlaget for kvar vi må setje inn systematiske tiltak for å ivareta helse, miljø og tryggleik i organisasjonen. Stad kommune har avtale med Avonova om bedriftshelseteneste, vi har jamleg kontakt og lagar ein årleg samarbeidsplan.


Avvik

I 2023 var det meldt 1685 avvik i Stad kommune. 61 % av desse var meldt med låg alvorsgrad, 31,9 % med middels alvorsgrad og 7,1 % med høg alvorsgrad.



*Uplasserte brukarar er nye brukarar som har logga seg på avvikssystemet, men som ikkje er plasserte på rett eining. Dei aller fleste skriv nytt avvik når dei vert plassert på rett eining.

Det er flest avvik knytt til kategorien teneste/tenestemottakar. 26 % av avvika var i kategorien Helse, Miljø og Tryggleik. Talet avvik knytt til kategoriar er høgare enn samla tal avvik i 2023, dette fordi det er mogleg å knyte eit avvik til fleire kategoriar.



Varsling

Stad kommune har utarbeidd prosedyre og skjema for varsling. Rutinen er ein del av HMS-systemet, og skal byggje opp om eit helsefremjande og trygt arbeidsmiljø. Med kritikkverdige forhold meiner ein mellom anna handling, unnlatning eller praksis som er i strid med rettsreglar eller skriftlege etiske reglar i kommunen, eller andre etiske normer som det er brei tilslutning til i samfunnet. I 2023 vart det ikkje levert varsel til Stad kommune.

Rus- og speleproblem

Vi har utarbeidd rusmiddel og speleavhengepolitikk for tilsette i Stad kommune, der målet vårt er å ha trygge og gode arbeidsplassar, og at våre brukarar og innbyggjarar opplever tryggleik og kvalitet i samhandling med oss. Stad kommune har ein prosedyre for å følgje opp arbeidstakarar som er eller er i ferd med å bli rusmiddel- og eller speleavhengige. Målet med prosedyren er å sikre god oppfølging av tilsette som har utvikla eller er i ferd med å utvikle eit rusmiddel- eller speleproblem. Arbeidsgjevar vil leggje til rette for eit oppfølgingsløp som gjer at tilsette klarer å behalde jobben. Prosedyren skal òg sikre at det vert sett i verk nødvendige tiltak i arbeidsmiljøet for å ta i vare helse, miljø, tryggleik og omdøme.

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2020	2,13 %	6,08 %	8,22 %
Årleg sjukefråvær 2021	2,21 %	7,35 %	9,56 %
Årleg sjukefråvær 2022	2,50 %	5,27 %	7,77 %
Årleg sjukefråvær 2023	1,88 %	6,41 %	8,29 %

	Totalt fråvær	Prosent fråvær inntil 16 dagar (korttid)	Prosent fråvær frå dag 17 (langtid)
Stad kommune	8,29 %	1,88 %	6,41 %
Sentraladministrasjonen	5,27 %	1,48 %	3,79 %
Opplæring og oppvekst	7,30 %	1,65 %	5,65 %
Helse og omsorg	9,52 %	2,20 %	7,33 %
Kultur og samfunn	7,81 %	1,47 %	6,34 %

Tabell: Fordeling av sjukefråvær per kommunalområde 2023

Måltal sjukefråvær 2003: 5,5 %. Dette talet vart vedteke endra av Arbeidsmiljøutvalet 09.11.2023. Måltal for 2024 er no 6,9 % (korttid 1,9 %, langtid 5,0 %).

- Samla fråvær i 2023: 8,29 %, der 1,88 % var korttidsfråvær og 6,41 % langtidsfråvær.
- Dette er ei negativ trendutvikling samanlikna med 2022, sjukefråværet har gått opp. I 2022 var det eit samla sjukefråvær på 7.86 %.
- Sentraladministrasjonen hadde minst med 5,27 %. Oppvekst hadde 7,30%, og Kultur og samfunn 7,82 % i 2023.
- Helse og omsorg har størst sjukefråvær med 9,52 %. Sett i ein heilskap så er det ein veldig positiv trend på dette kommunalområdet. Sjukefråværet låg på 11,35 % i 2021. Så det har dermed vore ein nedgang på nesten 2 % på to år.

Det er viktig å sjå tala i ein kontekst. Ein veit at det er mindre slitasje på typiske «kontorarbeidsplassar», enn på tilsette som arbeidar i meir fysiske og/eller emosjonelt belastande stillingar. Difor kjem alltid trendane og tala til å variere frå kommunalområde til kommunalområde (og frå eining til eining). I tillegg er det viktig å vite at små einingar og avdelingar er veldig sårbare for slik type statistikk. Td. Om ein har to langtidsjukmelde ei avdeling med 20 tilsette har ein 10 % langtidssjukefråvær.

Vi har over tid arbeidd systematisk med førebyggjande helse-, miljø- og sikkerheitsarbeid i Stad kommune. Vi rapporterer jamleg på sjukefråvær og avvik. Vi brukar månadlege HMS-plakatar som hjelpemiddel for leiarane, der leiarane får råd om korleis dei kan ta opp ulike HMS-tema i einingane/avdelingane som læringspunkt. HMS-gruppa har også tilbode kursing til leiarane for å styrke dei i dette arbeidet. I tillegg har vi bidrege på leiarsamlingar, og stilt oss til disposisjon for å svare på spørsmål og for å løyse dagsaktuelle utfordringar.

Arkiv- og dokumentforvaltning

Stad kommune har eit sentralisert postmottak på Stad rådhus og arkivdepot på rådhuset og i kommunehuset i Selje. Kommunen har i dag om lag 650 hyllemeter fysisk arkivmateriale som ikkje er levert til fylkesarkivet. Dei fysiske arkiva er berre delvis ordna. Det er ein omfattande jobb å ordne desse arkiva slik at dei kan leverast til depot. Stad kommune har forplikta seg til å leige plass i det nye fylkesarkivet som er under planlegging i Leikanger.

Arkiv- og dokumentsenteret i Stad kommune handterer alle typar dokument som kjem inn til kommunen gjennom alle kanalar. Post vert fordelt til 9 ulike fagsystem som einingane i kommunen nyttar. Dokument i dei opne arkivdelane vert publisert i kommunen si postliste. Mange av arkivdelane er det ikkje offentleg innsyn i.

Dei siste åra har omfanget av dokumentfangst i Stad kommune auka monaleg. I 2023 handterte arkiv- og dokumentsenteret 105 719 dokument. Dette er ein auke på over 20 % frå 2022.

Klima og miljø

Oppfølging av klima

Status

Klimastatistikken omfattar dei direkte, fysiske utsleppa som skjer innafor kommunen si geografiske grense. Utsleppsreduksjon er oppgjeve i [CO2-ekvivalentar](#). For meir informasjon om klimastatistikken kan ein gå til [Miljødirektoratet](#) sine sider.

For indirekte utslepp, som skjer utanfor kommunen sine grenser som følgje av vårt forbruk av varer og tenester, har vi førebels ingen gode verktøy for å estimere utsleppsreduksjonar. Estimert klimagassutslepp frå vårt personlege forbruk er framstilt i kartet [Folkets fotavtrykk](#), der ein kan finne kvar enkelt kommune i kartet. Det totale fotavtrykket til Stad kommune per i dag er estimert til 127.224 tonn CO₂e fordelt på 9 521 innbyggjarar, noko som tilsvarer 13,4 tonn CO₂e per innbyggjar.

Fjordvarme er teke i bruk til oppvarming og kjøling i dei fleste av bygga til Stad kommune på Nordfjordeid. I alt er 13 varmepumpeanlegg i drift, med samla bygningsmasse 34.169 m². Estimert energiopptak frå fjordvarme er på 3,1 GWh pr år varme og kjøling, som medfører ein reduksjon på om lag 407 tonn CO₂-ekvivalentar pr år.

[Klimabudsjett for 2023](#) synleggjer kommunen sine klimatiltak - både kontinuerlege tiltak og prosjekt for 2023. Under følgjer ein statusrapport på nokre viktige tiltak:

Klimakonferanse for ungdom i Stad

13.-14. november 2023 inviterte Stad ungdomsråd og Stad kommune til klimakonferansen for ungdom [«til STADEs»](#) i samarbeid med Eid VGS, Fjordane folkehøgskule og Venø kunstgard. Konferansen fokuserte på korleis lokale løysingar kan bidra til å løyse globale klimautfordringar. Les heile rapporten [HER!](#)

Temaplan for klima

Arbeidet med temaplan for klima pågår og skal ferdigstillast hausten 2024. Denne planen skal omhandle korleis vi kan redusere utslipp av klimagassar, og korleis vi kan tilpasse oss til klimaendringane. I tillegg vil vi ha eit særleg fokus på naturmangfald, og korleis vi kan styrke integrering av naturmangfald i klimaarbeidet. [Prosjektplan for klimaplan](#) er utarbeida og tilgjengeleg på heimesida. Kunnskapsgrunnlaget skal ligge til grunn for sjølve planen.

Miljøfyrtårnsertifisering

Arbeidet med å miljøfyrtårnsertifisere kommunen pågår. Rådhuset i Stad og kommunehuset i Selje skal sertifiserast april 2024. Hausten 2024 startar arbeidet med å sertifisere alle skular og barnehagar. Sertifiseringa skal bidra til å redusere dei direkte utslappa frå kommunal verksemd, det totale klimafotavtrykket frå eigen verksemd og sikre tydeleg miljøleiing som er integrert i heile organisasjonen.

Strategi for innkjøp 2023-2026

[Strategi for innkjøp 2023-2026](#) blei vedteken i februar 2023. Ein innkjøpsstrategi er ein langsiktig plan for å sikra kostnadseffektive kjøp av varer og tenester frå konkurransedyktige leverandørar, til avtalt kvalitet, tid og vilkår. Innkjøpa i Stad kommune skal bidra til å redusere miljøbelastninga og å nå kommunen sine klima- og miljømål. Dette er mellom anna skildrar gjennom mål og strategiar.

Landstraum

Planprosessen for detaljregulering for landstraumanlegg i Nordfjordeid er igangsett. Søknad om straumkapasitet er under handsaming hos kraftleverandør.

Berekraftig reisemål Nordfjord

I samarbeid med Visit Nordfjord, Nordfjordreådet og dei andre kommunane i Nordfjord arbeider Stad kommune for at Nordfjord blir godkjent for [Merket for bærekraftig reisemål](#). Deltaking er vedteke i sak KS-21/174 i Stad kommunestyre den 16.12.2021. Klimatiltak som fører til utslppsreduksjon og klimatilpassing er ein del av dette arbeidet. Masterplanen skal vere ferdig vår 2024 og første gangs merking gjennomførast september 2024.

Utbygging av infrastruktur for mjuke trafikantar

I 2023 er det gjennomført fleire tiltak for å sikre mjuke trafikantar mot påkøyrslar og for å betre framkomsten for same trafikantgruppe:

- Rekkverk og lyspunkt ved leikeplass i Fossevegen
- Betongrekkverk og asfalt langs gang- /sykkelveg Bankgata ved Kiwi
- Reasfaltert gangvegstreking ved Leikanger sentrum frå fylkesvegen ned mot sentrum
- Asfaltert gangvegstreking mellom Fossebakken bustadfelt og bussholdeplass ved E39/Rv15
- Asfaltert gangvegstreking frå Myklebust mot Eid idrettshus

Sikre klima- og miljøomsyn i drift og bygningar i landbruket

Landbrukskontoret gjennomfører kontroll med 5 % av alle gjødselsplaner og sprøytejournalar. Kontrollen utførast blant dei som får produksjonstilskot.

Auke kontroll med foryngingsplikten i skogbruket

Foryngingsplikten følgast opp frå Landbrukskontoret etter liste frå Landbruksdirektoratet. Den sentrale foryngingskontrollen er utført, men det er ikkje utført noko ytterligere kontroll utover dette i 2023.


Gjerdane barnehage utbygging

Utviding og oppgradering av Gjerdane barnehage pågår. I starten av 2023 ble det utbetalt klimasatsmidlar frå Miljødirektoratet til rapport om klimavennlege løysingar i byggeprosjektet. Resultata frå rapporten nyttast vidare i sjølve utbygginga i 2024, med fokus på energieffektivisering av eksisterande bygningsmasse. Døme på klimavennlege tiltak: Fjordvarme er kopla på. Oppgradering av eksisterande ventilasjonsanlegg. Skifte vindauge i eksisterande bygg. Resterande midlar i prosjektet skal nyttast til oppgradering og energieffektivisering av eksisterande bygg.

Klimastatistikk

Utslepp av klimagassar per år

Grafen viser utslepp av klimagassar i tonn CO2-ekvivalentar



Tabellen viser utslepp av klimagassar i tonn CO2-ekvivalentar

	2011	2013	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Luftfart	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Oppvarming	4 113,7	3 082,2	2 738,9	1 822,9	1 593,1	1 621,2	1 254,8	858,1	903,5
Industri, olje og gass	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Sjøfart	31 475,1	31 475,1	31 475,1	45 287,9	51 541,5	33 630,3	34 627,4	26 508,3	31 243,6
Avfall og avløp	1 925,9	1 754,5	1 787,9	1 700,3	1 800,3	1 801,0	1 755,2	1 616,3	1 526,6
Veitrafikk	15 965,3	15 738,6	15 806,2	14 911,9	13 700,1	14 213,6	13 583,8	13 028,5	13 354,8
Annen mobil forbrenning	3 820,0	3 942,2	3 500,1	6 779,6	6 928,6	4 792,5	4 460,1	2 903,0	2 671,1
Energiforsyning	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Jordbruk	15 233,0	15 783,8	16 598,6	16 522,6	16 225,5	15 974,5	15 103,7	15 988,9	16 043,6
Sum	72 533,0	71 776,3	71 906,8	87 025,2	91 789,0	72 033,2	70 785,0	60 903,0	65 743,2

Vedtekne planar 2023

Kommunedelplan for helse og omsorg

Kommunedelplan for oppvekst

Strategi for innkjøp

Temaplan for kultur

Plan for friluftslivet sine ferdselsårer

Tematiske planar for samfunn og organisasjon

Strategisk utvikling av Nordfjordeid sentrum

Strategi for reiseliv og cruise

Digitaliseringsstrategi

Temaplan for klima

Plan for mottak av flyktningar og integrering

Handlingsplan mot vald og overgrep i nære relasjonar

Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv

Sykkelstrategi

ENØK-plan

Breibandstrategi

Avfallsplan for hamner

Plan for bruk av kommunal eigedom

Arbeidsgjevarpolitisk plattform

Arealplanar


Kommuneplanen sin arealdel

Kommuneplanen sin arealdel for Eid 2015-2027, avgrensa revisjon – bustadutvikling Haugen
Kommunedelplan for tilrettelegging for omgjerung av servicetuneller til vegtunell i samband med Stad Skipstunnel
Nye reguleringsplanar som skal utarbeidast av Stad kommune
Detaljreguleringsplan for kommunalt bustadfelt - Bryggja
Detaljreguleringsplan for kommunalt bustadfelt - Haugen krins
Detaljreguleringsplan for gang- og sykkelveg - Riksveg 15, Indre Rød til Stårheim sentrum
Detaljreguleringsplan for Selje sentrum
Reguleringsplan fylkesveg 620
Detaljreguleringsplan for Leikanger sentrum
Detaljreguleringsplan for skuleområdet på Nordfjordeid
Detaljreguleringsplan for kryss mellom sjøgata og rv15, Nordfjordeid
Områdeplan Nordfjordeid

Folketalsutvikling

Folketal for åra 2012-2019 er for Eid og Selje samt grensejusteringa.

Folketalet har vokse med 67 personar i 2023. Det gir ein vekst på 0,7 % frå 01.01.2023. Landsgjennomsnittet har ein vekst på 1,1 % i same periode.



	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Folketal ved inngangen av året	9 259	9 256	9 286	9 391	9 455	9 454	9 435	9 457	9 517	9 527	9 543
Fødde	91	85	89	92	84	84	75	102	102	85	84
Døde	71	68	69	91	71	88	74	76	107	108	83
Fødselsoverskot	17	16	20	3	13	-3	0	26	-5	-23	1
Innvandring	77	80	62	99	106	67	66	51	82	108	70
Utvandring	25	20	21	41	36	37	35	26	43	50	42
Innflytting, innanlands	238	236	280	277	290	269	263	308	304	321	329
Utflytting, innanlands	314	283	297	273	317	316	275	300	323	340	285
Netto innvandring og flytting	-22	13	25	61	42	-18	20	33	20	39	72
Folkevekst	-3	30	46	63	56	-18	22	60	10	16	67

Folketalet ved utgangen av året	9 256	9 286	9 333	9 397	9 454	9 435	9 457	9 517	9 527	9 543	9 610
--	--------------	--------------	--------------	--------------	--------------	--------------	--------------	--------------	--------------	--------------	--------------

Økonomisk status og utvikling

Økonomisk oversikt - drift	Rekneskap 2023	Rev. budsjett	Oppr.budsjet	Rekneskap 2022
Driftsinntekter				
1 Rammetilskudd	402 044 204	410 747 000	408 847 000	376 664 469
2 Inntekts- og formuesskatt	303 614 223	281 842 000	277 242 000	307 022 272
3 Eiendomsskatt	23 023 812	21 500 000	21 500 000	20 898 040
4 Andre skatteinntekter	462 687	50 000	50 000	125 887
5 Andre overføringer og tilskudd fra staten	51 935 126	46 095 000	39 595 000	35 357 578
6 Overføringer og tilskudd fra andre	235 978 046	143 513 510	129 479 518	206 685 892
7 Brukerbetalinger	32 979 229	33 980 000	33 980 000	35 117 943
8 Salgs- og leieinntekter	104 439 039	79 681 500	79 313 500	81 232 690
9 Sum driftsinntekter	1 154 476 366	1 017 409 010	990 007 018	1 063 104 771
Driftsutgifter				
10 Lønnsutgifter	594 601 960	558 423 005	545 731 880	548 238 154
11 Sosiale utgifter	124 641 871	127 671 574	124 670 707	118 901 495
12 Kjøp av varer og tjenester	277 032 194	229 734 517	222 536 298	229 304 065
13 Overføringer og tilskudd til andre	77 656 075	53 812 496	45 477 496	70 811 967

14 Avskrivninger	56 429 078	60 000 000	60 000 000	53 791 573
15 Sum driftsutgifter	1 130 361 177	1 029 641 592	998 416 381	1 021 047 254
16 Brutto driftsresultat	24 115 188	-12 232 582	-8 409 363	42 057 517
Finansinntekter				
17 Renteinntekter	11 455 085	1 500 000	1 500 000	4 374 846
18 Utbytter	2 349 331	3 716 000	3 716 000	2 949 716
19 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	10 985 456	6 100 000	6 100 000	-7 906 291
20 Renteutgifter	48 669 977	48 619 000	48 619 000	22 815 822
21 Avdrag på lån	55 750 873	54 144 000	54 144 000	49 736 087
22 Netto finansutgifter	-79 630 979	-91 447 000	-91 447 000	-73 133 638
23 Motpost avskrivninger	56 429 078	60 000 000	60 000 000	53 791 573
24 Netto driftsresultat	913 287	-43 679 582	-39 856 363	22 715 452
Disp. eller dekning av netto driftsresultat:				
25 Overføring til investering	513 000	0	0	0
26 Avsetninger til bundne driftsfond	5 698 978	1 640 000	1 640 000	9 563 799
27 Bruk av bundne driftsfond	-8 474 543	-2 609 082	-1 784 082	-11 889 182
28 Avsetninger til disposisjonsfond	9 090 536	0	0	36 960 464
29 Bruk av disposisjonsfond	-5 914 684	-42 710 500	-39 712 281	-11 919 629
30 Dekning av tidligere års merforbruk	0	0	0	0
31 Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	913 287	-43 679 582	-39 856 363	22 715 452

**32 Fremført til
inndekning i senere år
(merforbruk)**


0

0

0

0

Driftsrekneskapen er gjort opp med eit netto driftsresultat på kr 0,9 mill. Dette tilsvarar 0,08 % av kommunen sine brutto driftsinntekter. Dette er ein sterk nedgang i høve netto driftsresultat for 2022 og tidlegare år. Landsgjennomsnittet for kommunane har eit netto driftsresultat på kring 1,0 % for 2023. Sidan 2017 har netto driftsresultat for Stad kommune utvikla seg slik, inkl. vedteke budsjett for 2024:



Stad kommune sin handlingsregel seier at kommunen sitt framtidig netto driftsresultat i snitt skal være på 1,25 %. Dersom ein kjem i minus som budsjettert i 2024, så vært dette eit særst vanskeleg mål å nå.

Teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) har gjort utrekningar som syner at netto driftsresultat for kommunane bør liggje på 1,75 % av brutto driftsinntekt over tid for at formuebevaringsprinsippet skal vere oppfylt. Det vil seie at kommunen skal vere i stand til å setje av midlar til framtidig bruk og til noko eigenfinansiering av kommunale investeringar. Det vil kome år der ein ikkje greier positivt netto driftsresultat. Difor er det viktig å få gode resultat dei åra det er mogeleg på grunn av ekstraordinære tilhøve, for så å setje av til kommunen sine disposisjonsfond.

Dette nasjonale målet vert nytta av Kommunal- og distriktsdepartementet som eit gjennomsnittleg mål for kommunane sine resultat over tid.

Brutto driftsresultat (post 16 i tabell ovanfor) er på kr 24,1 mill. Fråtrekt bokførte avskrivningar, som ikkje har resultateffekt i kommunal rekneskap, gir dette eit justert brutto driftsresultat på kr 80,5 mill. Dette gir akkurat midlar nok til å dekke kommunen sine netto finansutgifter fullt ut (post 22 i tabell).

Mindreforbruket i 2023, etter bruk av og avsetningar til driftsfond, er på kr 3,2 mill. Dette er sett av til kommunen sitt disposisjonsfond, i samsvar med forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner § 4-3. Forskrifta krev at kommunedirektøren set av eit eventuelt mindreforbruk til disposisjonsfond før rekneskapen går til politisk handsaming.

Avviksanalyse

I dette kapittelet vil vi gi kommentar til dei postane i tabellen *Økonomisk oversikt* ovanfor som har vesentlege avvik i høve revidert budsjett, jf. kommunelova § 14-7 pkt. b).

1 Rammetilskot

Denne posten inneheld både rammetilskotet og inntektsutjamninga. Samla blei disse postane kr 8,7 mill under budsjett. Rammetilskotet blei kr 2,6 mill over budsjett på grunn av sentrale justeringar i løpet av året. Inntektsutjamninga blei kr 11,3 mill lågare enn budsjettert. Dette skuldast høg skatteinntekt hovudsakleg på slutten av året.

2 Inntekts- og formuesskatt

Skatteinntekta blei kr 21,8 mill over budsjett. Dette kjem på grunn av høg skatteinntekt for heile landet, spesielt i siste kvartal 2023.

5 Andre overføringar og tilskot frå staten

Denne inntektsposten er kr 5,8 mill høgare enn budsjett, og kjem hovudsakleg av

- Høgare utbetaling av flyktningtilskot på kr 5,4 mill
- Høgare utbetaling av rentekompensasjon frå Husbanken på kr 1,5 mill
- Lågare utbetaling frå Havbruksfondet på kr 1,0 mill

6 Overføringar og tilskot frå andre

Avviket på denne posten er på kr 92,0 mill og kjem av følgjande hovudpostar:

- kr 37,5 mill er refusjon for sjukeløn og foreldrepengar. Kommunen budsjetterer ikkje med sjukeløn/fråværsløn som vert refundert frå NAV
- kr 10,9 mill av dette er øyremerkta prosjektmidlar, der kr 5,7 mill er ubrukt pr 31.12 og sett av til bunde driftsfond for bruk i komande år.
- Kr 10,8 mill er refusjon frå stat for teneste til ressurskrevjande brukarar
- kr 4,5 mill er refusjonar frå andre (stat, fylke, kommunar) for teneste som kommunen har ytt til brukarar
- kr 20,9 mill er overføringar frå andre kommunar til bruk i interkommunale samarbeid der Stad kommune er vertskommune. Dette gjeld hovudsakleg NAV Nordfjord, der Stad kommune må føre utgifter som direkte utbetalingar for dei andre kommunar. Dette blir vidarefakturert dei andre deltakarkommunane annakvar månad i løpet av året.
- kr 7,4 mill er meir momsrefusjon enn budsjettert. Her er momsutgifta lenger nede i tabellen tilsvarande høgare, slik at denne har ikkje resultateffekt.

8 Sals- og leigeinntekter

Avviket på denne posten er på kr 24,7 mill og kjem av følgjande hovudpostar:

- kr 15,4 mill frå fakturering av cruiseanløp på Nordfjordeid, der inntekta vert vidarebetalt til Seawalk Nordfjord i samsvar med avtale
- kr 3,0 mill er høgare husleigeinntekt ved utleige og framleige av bustader hovudsakleg til flyktningar
- resten er fordelt på meirinntekter som er fakturert frå einingane utover det som er budsjettert

10 Løn og 11 sosiale utgifter

Dette er utgifter til vikarar og ekstrahjelp, og må sjåast opp mot refusjonar for sjukeløn som er kommentert ovanfor.

12 Kjøp av varer og tenester

Utgifta her er kr 47,3 mill over budsjett og kjem av følgjande hovudpostar:

- Kr 7,7 mill er kjøp av vikarteneste frå eksterne firma og må sjåast opp mot forbruket på løn og refusjonar frå teneste til ressurskrevjande brukarar
- Kr 15,4 gjeld vidarebetaling av inntekter frå cruiseanløp, jf under post 8 ovanfor
- Kr 6,8 mill er ekstra utgifter til vedlikehald veg og bygg
- Kr 4,8 mill er ekstra utgifter knytt til interkommunale samarbeid, som er dekt inn ved ekstra overføringar som er kommentert ovanfor
- Kr 7,0 mill er ekstra utgifter knytt til prosjektarbeid, som er dekt inn ved ekstra overføringar som er kommentert ovanfor
- Kr 2,0 mill er høgare utgift ved leige av hus til framleige, som gir tilsvarande høgare inntekt
- Resterande fordelar seg på mange mindre postar

13 Overføringar og tilskot til andre

Utgifta her er kr 23,8 mill over budsjett og kjem av følgjande hovudpostar:

- Kr 7,4 er meir momsutgift enn budsjettert. Her er momsrefusjonen i post 6 tilsvarande høgare, slik at denne har ikkje resultateffekt
- Kr 15,1 mill gjeld utbetaling av stønad for NAV Nordfjord, refundert frå dei andre medlemskommunane, jf tilsvarande inntekt under post 6

14 Avskrivingar

Avskrivingane på anleggsmidlar er noko lågare enn budsjettert. Dette har likevel ikkje resultateffekt, og vert tilbakeført under post 23 lenger nede i tabellen

17 Renteinntekter

Kommunen har hatt vesentleg meir innskot i lokal bank på særvilkår i 2023 enn budsjettert. Dette på grunn av høg sum med ubrukte lånemidlar. Samtidig har det vore høgare rente enn budsjettert på ordinære innskot på grunn av den generelle auken i marknadsrentene. Dermed har det også blitt meir renteinntekt

26 Avsetning til bundne driftsfond

Denne posten inneheld avsetning av øymerka tilskot/prosjektmidlar til bruk i seinare år, i samsvar med retningslinjer knytt til midlane

27 Bruk av bundne driftsfond

Denne posten inneheld bruk av øymerka tilskot og prosjektmidlar som har blitt avsett tidlegare år, til bruk i prosjekta når utgiftene har påløpt i rekneskapen.

28 Avsetningar til disposisjonsfond

Denne posten er avsetning av årets rekneskapsmessige mindreforbruk, men må også sjåast opp mot post 29, kommentert nedanfor

29 Bruk av disposisjonsfond

- Det var budsjettert med bruk av disposisjonsfond på kr 5,9 mill til diverse driftsprosjekt ut frå kommunestyrevedtak
- Det var også budsjettert med kr 36,8 mill i bruk av disposisjonsfond i 2023 for å balansere kommunen sitt driftsbudsjett. På grunn av vesentlege meirinntekter i høve budsjett, er denne bruken av disposisjonsfondet stroke. Dette er i samsvar med rekneskapsforskrifta § 4-3.


Avsnittet «Økonomiske vurderingar kring drifta» lenger nede i dette kapittelet inneheld også informasjon og forklaringar knytt til det rekneskapsmessige resultatet.

Resultatutvikling dei siste åra

(Tal i tusen)	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Brutto driftsinntekt	850 491	878 430	932 700	989 251	1 063 105	1 154 476
Driftsutgifter inkl. avskrivningar	834 198	874 882	894 120	955 532	1 021 069	1 130 361
Brutto driftsres.	16 293	3 548	38 580	33 719	42 036	24 115
Brt. res i % av brt. driftsinntekt	1,92 %	0,40 %	4,14 %	3,41 %	3,95 %	2,09 %
Renteinntekter, kursvinst, utbyte	3 903	15 604	12 119	13 657	-581	24 789
Mottekne avdrag på utlån	-	-	-	-	-	-

Sum finansinntekter	3 903	15 604	12 119	13 657	-581	24 789
Renteutgifter, kurstap	21 103	21 236	17 722	13 886	22 816	48 670
Avdrag på lån	30 072	30 938	39 178	42 630	49 736	55 751
Utlån	-	16	-	-	-	-
Sum finansutgifter	51 175	52 190	56 900	56 516	72 552	104 421
Brutto driftsres.	16 293	3 548	38 580	33 719	42 036	24 115
Finansinntekter	3 903	15 604	12 119	13 657	-581	24 789
Finansutgifter	51 175	52 190	56 900	56 516	72 552	104 421
Motpost avskrivningar	40 222	43 047	46 770	51 549	53 813	56 429
Netto Driftsres.	9 243	10 009	40 569	42 409	22 716	912
Nto. res i % av brt. driftsinntekt	1,09 %	1,14 %	4,35 %	4,29 %	2,14 %	0,08 %
Bruk av fond	39 922	34 934	39 644	10 736	23 809	14 390
Avsetning til fond	35 017	19 677	41 089	5 611	10 051	12 127
Resultat drift	14 148	25 266	39 124	47 534	36 474	3 175

Åra 2018-2019 er summen av tidlegare Selje kommune og tidlegare Eid kommune. Om vi summerer åra 2018-2023, så har kommunen hatt eit gjennomsnittleg netto driftsresultat på 2,14 %. Det er viktig å ha som mål at ein på lang sikt har eit gjennomsnittleg resultat på over 1,75 %, jf. Teknisk Beregningsutval (TBU) si anbefaling.



Nøkkeltal frå rekneskapen

Dette kapittelet vil gje opplysning om utviklinga dei siste åra, både knytt til driftsresultat og økonomiske nøkkeltal, i samsvar med kommunelova § 14-7 pkt a).

BALANSEN

I oversikta vedkomande nøkkeltal frå balansen vil vi finne dei viktigaste samanhengane når rekneskapen skal vurderast. Den inneheld opplysningar om bokførte egedelar, gjeld og egenkapital pr. 31.12.

OMLØPSMIDLAR

Omløpsmidlane er m.a. det som til ei kvar tid er inneståande på bankkonto. Vidare må det reknast med det som er plassert til aktiv forvaltning og kortsiktige krav. Kortsiktige krav er ulike krav kommunen har som skal innbetalast på kort sikt, t.d. restansar på kommunale avgifter, ulike refusjonar frå stat, fylke og frå private som enno ikkje er betalt til kommunen.

KORTSIKTIG GJELD

Den kortsiktige gjelda i kommunen er postar som skal betalast på kort sikt, t.d. skattetrekk, feriepengar og diverse kreditorgjeld bokført pr. 31.12 (drifts- og investeringsutgifter).

LANGSIKTIG GJELD

Dette er alle lån som kommunen har teke opp til finansiering av kommunale investeringar, dvs. kommunen si lånegjeld.

EIGENKAPITALEN

I egenkapitalen finn vi postane som er avsett til fond. Resten er endring i rekneskapsprinsipp og kapitalkontoen, som er å sjå som ein motkonto vedkomande bruk av lån, aktivering vedkomande bygg og anlegg m.m.

Kommunen si gjeld

Lånegjeld som inngår i rekneskapen til Stad Eigedomsutvikling KF (kr 88,6 mill) og Stad Fjordvarme KF (kr 9,5 mill) inngår ikkje i oppstillingane og kommentarane i denne årsrapporten.

(Tal i tusen) År	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Kortsiktig gjeld	119 695	129 587	148 620	138 769	149 499	164 109
Langsiktig gjeld eks. pensjon	1 030 713	999 788	1 052 982	1 173 254	1 214 809	1 309 657

Tala i denne tabellen er utan dei to kommunale føretaka

Den kortsiktige gjelda er kr 149,5 mill og består hovudsakleg av forskotstrekk, arbeidsgjevaravgift, feriepengar og leverandørgjeld. Langsiktig gjeld (lånegjeld) er på kr 1.309,8 mill.

Netto lånegjeld

Netto lånegjeld er samla lånegjeld fråtrekt ubrukte lånemidlar og lån til vidareutlån. Det vil seie all lånegjeld som er knytt til investeringar som er gjennomført og aktivert i balansen.

(Tal i tusen) År	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Brutto lånegjeld	1 030 713	999 788	1 052 982	1 173 254	1 214 809	1 309 657
-Vidareutlån	-11 569	-11 706	-12 528	-14 236	-34 483	-50 414
-Unytta lånemidlar	-109 044	-69 266	15 208	-66 452	-56 252	-116 018
= Netto lånegjeld	910 100	918 816	1 055 662	1 092 566	1 124 074	1 143 225
Netto lånegjeld i % av						
brutto driftsinntekt	98,6	105,2	113,2	110,4	105,7	107,5

Tala i denne tabellen er utan dei to kommunale føretaka

Stad kommune har ei netto lånegjeld på 107,5 % av brutto driftsinntekt. Netto lånegjeld er høg samanlikna med det kommunale landsgjennomsnittet, som er på 92,2 % pr. 31.12.2023.

Ein del av netto lånegjeld er til område/tiltak som er direkte sjølvfinansierande. Dette er m.a.:

- Kr 182,4 mill er lån til tiltak innan sjølvkostområda (vatn, avløp, renovasjon, slam). Renter og avdrag til desse låna vert dekt inn gjennom dei kommunale gebyra.

- Kr 199,1 mill er lån til kommunale utleigebustader, der rente og avdrag vert dekt inn gjennom husleigeinntekt
- Kr 49,1 mill er lån som investeringstilskot til Stad kyrkjelege fellesråd
- Kr 54,6 mill er lån for vidareutlån (startlån)

Netto lånegjeld og frie inntekter i kr pr. innbyggjar

År	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Frie inntekter, kr pr innbyggjar	59 849	62 951	58 715	63 908	71 648	67 938
Nto lånegjeld, kr pr innb.	102 245	107 770	110 924	114 802	117 791	118 962
Nto lånegjeld i % av frie inntekter (pr innbyggjar)	170,8	171,2	188,9	179,6	164,4	175,1

Tala i denne tabellen er utan dei to kommunale føretaka

Forholdet mellom frie inntekter og netto lånegjeld er også ein indikator på korleis lånegjelda i kommunen har endra seg dei siste åra. Auke i %-delen gjer at større prosentvis del av kommunen sine frie inntekter vil gå med til å betale rente og avdrag på kommunen sine lån, og motsett ved reduksjon i %-delen. Vi ser at denne har fått ei nokså sterk auke frå 2022 til 2023. Nedgangen i %-delen i 2021 og 2022 kjem hovudsakleg av den høge skatteinngangen disse to åra.

Langsiktig gjeld og frie inntekter samanlikna med andre

Pr. 31.12.2023	Stad	Stryn	Sunnfjord	Volda	Gj.snitt gruppe 2	Gj.snitt landet ekskl Oslo
Frie inntekter kr pr innbyggjar	73 435	72 494	72 260	68 876	71 973	68 010
Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter	0,1	0,3	1,1	2,5	0,0	1,0

Netto lånegjeld kr pr innbyggjar	129 606	90 884	100 366	166 227	118 522	97 490
Netto lånegjeld i % av brt driftsinntekt	105,1	82,0	90,7	135,9	94,0	92,2
Renteekspontert gjeld i % av brt driftsinntekt	68,6	47,9	78	100,7	61,8	50,1
Pensjonsforpliktelse i % av brt driftsinntekt	95,9	108,6	104,7	93,7	107,6	100,9

Tala i denne tabellen er inklusiv kommunale føretaka, dvs konserntal

Stad kommune har høg netto lånegjeld samanlikna med både nabokommunar, kommunegruppa og gjennomsnittet på landsbasis. Ut frå tabellen ovanfor ser ein at Stad kommune må bruke ein forholdsvis større del av sine inntekter til rente og avdrag i forhold til landsgjennomsnittet, ut frå elles like lånevilkår. I disse tala inngår også kommunale føretak.

Driftslikviditet

(Tal i tusen) År	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Omløpsmidlar	420 883	353 724	375 254	496 321	518 989	588 401
Kortsikt. gjeld	-119 695	-129 587	-148 620	-138 769	-149 499	-164 109
Arbeidskapital	301 188	224 137	226 634	357 552	369 490	424 292
Nto blanseført premieavvik	-39 906	-50 178	-51 874	-80 540	-86 334	-120 243
Unytta lån	-109 044	-26 246	15 208	-66 452	-56 252	-116 018
Bundne fond og inv.fond	-119 997	-109 072	-120 438	-122 235	-118 931	-111 192
Driftslikviditet	32 241	38 641	69 530	88 325	107 973	76 839

Tala i denne tabellen er utan dei to kommunale føretaka

Driftslikviditeten er redusert med kr 31,1 mill siste året. Dette kjem hovudsakleg av auken i akkumulert premieavvik knytt til pensjon og reduksjon i midlar på bundne fond. Akkumulert premieavvik er utgifter som er betalt pr. 31.12, men som etter regelverket skal førast mot balanserekneskapen og deretter førast tilbake til driftsrekneskapen med 1/7 i sju år.

Utvikling i rekneskapen sin fondsdel

(Tal i tusen) År	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Disposisjonsfond	57 330	62 886	119 738	168 197	193 238	196 414
Bundne driftsfond	36 655	26 269	32 674	26 624	24 299	21 523
Ubundne investeringsfond	80 476	79 042	81 892	94 325	94 162	89 198
Bundne investeringsfond	2 868	3 761	5 872	1 286	471	471
Årets reknesk. resultat	14 147	25 266	*	*	*	*
Samla	191 476	197 224	240 176	290 432	312 170	307 606

* Rekneskapsmessig resultat er sett av til disposisjonsfond i samsvar med kommunelova.

Tala i denne tabellen er utan dei to kommunale føretaka

Av disposisjonsfondet på kr 196,4 mill er kr 17,4 mill gjennom kommunestyrevedtak bestemt å brukast til konkrete tiltak som ikkje er starta opp og/eller ikkje fullført pr. 31.12.2023. Vidare er kr 65,8 mill av disposisjonsfondet vedteke brukt for å balansere budsjettet for 2024 og kr 55,1 mill av disposisjonsfondet er sett av som eit rente- og avkastningsfond til buffer mot svingingar i aktiv forvaltning og eventuelt brått stigande rente på kommunen si lånegjeld. Kommunen sine fond gir tilsvarande ledig likviditet, der ein del er sett til ekstern forvaltning. Pr. 31.12.2023 hadde denne plasseringa ein verdi på kr 130,6 mill.

Frie inntekter frå staten i % av brutto driftsinntekt

År	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Skatteinntekt i % av brutto driftsinntekt	26,34	26,80	25,63	27,55	28,88	26,30
Rammetilskot + innt.utjamn. i % av brutto driftsinntekt	36,30	37,13	39,73	39,63	38,08	34,82
Samla	62,64	63,93	65,37	67,18	66,96	61,13

Delen av fire inntekter gikk ned også i 2023 i høve dei samla inntektene for kommunen, frå 66,9% til 61,1%. Dette skuldast redusert skatteinntekt og inntektsutjamning for 2023 i høve 2022.

Økonomiske vurderingar kring drifta

Økonomiske resultat av drifta innafor rammeområda

Kommunerekneskapen for 2023 gav eit mindreforbruk på kr 3,2 mill, justert for bruk og avsetning til fond, på kr 3,2 mill. Etter økonomiforskrifter gjeldande frå 01.01.2020, skal mindreforbruk i driftsrekneskapen førast som avsetning til disposisjonsfond før rekneskapen går til politisk handsaming.

Resultatet for dei enkelte kommunalområda fordelar seg slik (i 1000 kr):

STAD KOMMUNE (tal i tusen)	Budsjett 2023	Rekneskap 2023	Avvik 2023	Herav løn
KOMMUNALOMRÅDE:				
Sentraladministrasjonen	75 291	75 617	326	2 011
Oppvekst og opplæring	291 249	284 408	-6 841	645
Helse og omsorg	333 148	328 759	-4 389	-1 838
Kultur og samfunn	68 161	72 949	4 788	-2 190
Delsum	767 849	761 733	-6 116	-1 372
Felles inntekter/utgifter (finans)	-767 849	-761 733	6 116	
Sum (minus er lik mindreforbruk)	-	-	0	

Til saman er det eit mindreforbruk/meirinntekt på kr 6,1 mill innafor rammeområda. Dette kjem hovudsakleg av følgjande årsaker:

- Statlege refusjonar knytt til spesielle teneste
- Øyremerka tilskot til prosjekt
- Noko mindreforbruk løn

Resultatet kring tenesteytinga er også omtalt i rammeområda sine kapittel i denne årsrapporten.

Alternativ avviksvurdering

I tillegg til mindreforbruk/meirinntekter innafor tenesteytinga i rammeområda, er det nokre postar under ansvar 800 Felles inntekter/utgifter (finans) som bidreg til rekneskapsresultatet:

STAD KOMMUNE (tal i tusen)	Budsjett	Rekneskap	Avvik 2023
Forbruk på kommunalområda inkl løn	767 849	761 733	-6 116
Premieavvik+premiefond pensjon	-62 803	-68 865	-6 062
Skatteinntekt+inntektsutjamning	-334 642	-345 105	-10 463
Eigedomsskatt	-21 500	-23 024	-1 524
Rammetilskot	-357 947	-360 553	-2 606
Renteinntekt+rentekompensasjonar	-2 595	-12 702	-10 107
Renteutgift + avdrag	102 763	103 145	382
Havbruksfondet	-4 500	-3 461	1 039
Flyktningtilskot	-40 500	-45 877	-5 377
Avkastning plasserte midlar	-6 100	-10 985	-4 885
Andre fellespostar			-26
Vedteke bruk disp.fond til balansering	-36 974	8 771	45 745
Sum (minus er lik mindreforbruk)			0

Forbruk innafor rammeområda inkl. løn enda opp med eit samla mindreforbruk på kr 6,1 mill.

Premieavvik+premiefond pensjon blei kr 6,0 mill høgare enn budsjettert. Årsaka til dette er at betalt premie til pensjon blei høgare enn det som skal førast som kostnad i 2023. Premieavviket skal inntektsførast i 2023 og tilbakeførast med 1/7 dei neste sju åra. Det er ei eiga forskrift knytt til dette som kommunane må halde seg til. Slik sett er dette berre ei utsett utgift. Vidare har kommunen fått overført meir midlar til premiefond hos KLP enn budsjettert. Dette gir lågare premie ved at denne vert dekt frå premiefondet.

Skatteinntekt og inntektsutjamning blei samla kr 10,5 mill over kommunen sitt budsjett. Sjølve skatteinntekta blei kr 21,8 mill over budsjett, medan inntektsutjamninga (utjamning av skatteinntekter mellom kommunane) blei kr 11,3 mill under budsjett. Stad kommune har ei skatteinntekt på 83,0 % av landsgjennomsnittet. Gjennom inntektsutjamninga vert denne løfta til 94,3 % av landsgjennomsnittet.

Renteinntekta frå bankinnskot i lokal bank blei kr 8,6 mill høgare enn budsjettet. Dette kjem av at kommunen har særdeles god likviditet med betydeleg beløp i bankinnskot, m.a. på grunn av mindreforbruk i driftsrekneskapen og ubrukte lånemidlar. I tillegg har kommunen hatt ein del høgare rentesats på plasserte midlar i lokal bank enn det som låg til grunn i budsjettet. Rentekompensasjon frå Husbanken blei kr 1,5 mill høgare enn budsjettet, også dette med bakgrunn i høgare rentesats på utrekningane.

Utbetaling frå Havbruksfondet blei kr 1,0 mill under budsjett.

Flyktningtilskotet blei kr 5,4 mill over budsjett. Årsaka er samla tal flyktningar som eg høgare enn grunnlaget i budsjettet. Mange kom seint på året, og ein del av inntekt skal dermed også gjeld for 2024. Men den skal først i rekneskapen i 2023.

Avkastning frå plasserte midlar blei kr 4,9 mill over budsjett. Dette må sjåast i samanheng med resultatet for 2022, som var på minus kr 7,9 mill. Denne posten er også omtalt i eiga sak om kommunen si finans- og gjeldsforvaltning for 2023, som blei handsama i kommunestyret 7. mars 2024.

Rekneskap pr. eining

	Totalresultat pr. eining				
Ansvar	Eining	Rev. Budsjett 2023	Rekneskap 2023	%- forbruk	Avvik
100	Politikk	6 242 400	6 906 387	110,6	663 987
109	Innsparing sentraladministrasjonen	-1 500 000	0	0,0	1 500 000
110	Kommunedirektør	8 290 149	8 246 759	99,5	-43 390
111	Økonomi	8 384 833	7 521 394	89,7	-863 439
112	Personal og kommunikasjon	18 176 332	17 718 127	97,5	-458 205
113	Strategi og samordning	27 645 004	26 764 368	96,8	-880 636
115	Trus- og livssynssamfunn	8 052 000	8 459 653	105,1	407 653
200	Oppvekst og opplæring - administrasjon	37 299 000	38 313 978	102,7	1 014 978
201	Leikvang barnehage	8 734 001	8 196 211	93,8	-537 790
202	Selje barnehage	7 869 382	7 622 141	96,9	-247 241
203	Flatraket barnehage	5 463 488	5 401 640	98,9	-61 848

205	Stårheim barnehage	6 076 411	5 719 803	94,1	-356 608
207	Golvseengane barnehage	26 992 990	25 250 130	93,5	-1 742 859
208	Gjerdane barnehage	11 946 776	11 327 783	94,8	-618 993
221	Stadlandet skule	13 720 792	12 271 907	89,4	-1 448 885
222	Selje skule	18 303 856	16 850 347	92,1	-1 453 509
223	Flatraket skule	6 433 919	6 465 825	100,5	31 906
225	Stårheim skule	6 305 831	6 527 482	103,5	221 651
226	Haugen skule og barnehage	11 700 245	11 852 156	101,3	151 911
227	Nordfjordeid skule	38 535 468	39 151 939	101,6	616 472
228	Hjelle skule	9 886 599	9 235 540	93,4	-651 060
229	Eid ungdomsskule	32 635 000	33 163 977	101,6	528 977
240	Barnevern	14 906 600	16 519 204	110,8	1 612 604
250	Opplæring og integrering	34 438 340	30 538 408	88,7	-3 899 932
300	Helse og omsorg - administrasjon	-5 727 305	847 605	-14,8	6 574 910
301	Helse	44 279 975	42 905 324	96,9	-1 374 651
311	Heimetenesta	80 186 003	75 070 993	93,6	-5 115 010
315	Bu- og miljøtenesta	111 306 185	106 295 456	95,5	-5 010 729
321	Seljetunet omsorg og rehabilitering	41 774 529	39 919 719	95,6	-1 854 809
322	Hogatunet bu- og behandlingssenter	47 302 144	46 573 398	98,5	-728 745
340	Arbeid og velferd - NAV	14 026 664	17 146 533	122,2	3 119 869
411	Kommunalteknikk	1 499 452	4 611 613	307,6	3 112 161
412	Plan og forvaltning	6 333 111	6 463 328	102,1	130 217
413	Brann, redning og førebygging	7 917 101	8 863 214	112,0	946 113
414	Eigedom	38 141 315	38 650 768	101,3	509 453

450	Kultur	14 270 244	14 360 530	100,6	90 286
	TOTALT	767 848 831	761 733 640		-6 115 191

Minus er lik mindreforbruk/meirinntekt (overskot)

KOSTRA hovudtal

	Stad 2022	Stad 2023	Stryn	Volda	Sunnfjord	Kostragruppe 02	Landet uten Oslo
Prioritet							
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter (B)	3,9 %	2,2 %	1,4 %	4,3 %	-0,3 %	0,3 %	0,1 %
Brutto investeringsutgift i prosent av brutto driftsutgift (B)	12,6 %	9,3 %	8,0 %	21,8 %	16,2 %	12,6 %	14,0 %
Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter (B)	18,1 %	17,0 %	7,5 %	11,1 %	5,8 %	12,2 %	13,4 %
Eiendomsskatt i prosent av brutto driftsinntekter (B)	1,9 %	1,9 %	2,3 %	2,6 %	3,5 %	4,1 %	3,1 %
Frie inntekter i prosent av brutto driftsinntekter (B)	62,3 %	59,5 %	65,4 %	56,3 %	65,3 %	57,1 %	64,3 %
Økonomi							
Brutto driftsinntekter i kroner per innbygger	114 964	123 343	110 809	122 282	110 687	126 123	105 787
Brutto driftsutgifter i kroner per innbygger	110 524	120 667	109 304	117 058	110 963	125 760	105 703
Frie inntekter i kroner per innbygger (**)	65 813	67 938	66 123	66 998	69 710	67 818	67 223
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	2,1 %	0,1 %	0,3 %	2,5 %	1,1 %	0,0 %	1,0 %
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	130 406	129 606	90 884	166 227	100 366	118 522	97 490
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter	113,4 %	105,1 %	82,0 %	135,9 %	90,7 %	94,0 %	92,2 %

Stad skipstunnel

Stad skipstunnel

Stad kommunestyre har sett som overordna mål å legge til rette for størst mogleg lokal og regionalverdiskaping og synergjar av prosjektet, både i anleggsfasen og etter at tunnelen er opna, jf. sak KS20/201. Stad kommunestyre har gjort fleire ulike vedtak som i sum skal gje den synergieffekten som ein ønskjer å oppnå, og vedtaka har fram til no femna om tiltak som femner om alt i frå planarbeid, forstudiar, kartleggingar, drøftingar, intensjonsavtalar og investeringar innan eit breitt spekter av fagområde. Arbeidet involverer fleire einingar i administrasjonen, som plan- og forvaltning, eigedom, kommunalteknikk, brann- og beredskap, stab , kommunedirektør-nivået og Stad Eigedomsutvikling KF. I tillegg til politisk nivå.

Rapporteringa her gjeld prosjektet som knyt seg til dei aktivitetar som har blitt gjennomført ved bruk av disposisjonsfond. Aktivitetar knytt til planarbeid i regi av plan- og forvaltningseininga er ikkje omtala her. Heller ikkje anna intern ressursbruk knytt til arbeidet med Stad skipstunnel, t.d. innan brann og beredskap, kommunalteknikk og anna intern prosjektkoordinering og leing.

Denne tertialrapporteringa gjeld bruken av midlar løyvd for 2023 frå disposisjonsfondet, dvs. rapportering knytt til Stad kommunestyre sitt vedtak av 27. oktober 2022, sak KS-22/137, som blir nærare omtalt under her. Av omsyn til historikken og heilskapen i saka, blir det kort gjort greie for løyvingar og aktivitetar knytt til same prosjekt med løyving frå disposisjonsfondet.

Historikk – Løyvde midlar for 2021 - 2022

Stad kommunestyre vedtok i møte 4. februar 2021, sak KS-21/015, å løyve kr 3 mill. frå kommunen sitt disposisjonsfond for førebuing og gjennomføring av prosjekt og tiltak knytt til Stad skipstunnel som må starte i 2021, og som ikkje kan finansierast over investeringsbudsjettet. Prosjekt som fell inn under investering, ligg i det vesentlege no til Stad Eigedomsutvikling KF og desse tiltaka er planlagt finansiert gjennom låneopptak. Desse låneopptaka er ikkje tekne.

Midlar løyvd frå disposisjonsfondet 4. februar 2021, sak KS-21/015, vart i hovudsak nytta til ferdigstilling av kommunedelplan for sjøareal, inkl. nødvendige kartleggingar og undersøkingar, og til gjennomføring av tekniske forstudiar knytt til næringsareal. Det vart rapportert om bruken av desse midlane i kommunestyresak «Økonomi- og tenesterapport pr. 30.04.2022», som var oppe i kommunestyremøte 16. juni 2022 sak KS-22/077.

I budsjettendringssaka i same kommunestyremøte 16. juni 2022, vart det gjort vedtak om å gi ei ny ramme for arbeidet med ringverknadar frå Stad skipstunnel i 2022 med kr 700.000,- finansiert frå kommunen sitt disposisjonsfond. Midlane vart planlagt nytta, og er nytta, til følgjande tiltak i 2022:

- Deltaking regionalt ringverknadsprosjekt for Stad skipstunnel (kr. 250 000)
- Utarbeide informasjonspakke til bruk i m.a. Kystverkets konkurransegrunnlag
- Gjennomføring av forstudie for etablering av ny vassforsyning frå Berstadvatnet
- Utarbeide konseptskisse for utforming og drift av området ved tunnelportalen i Moldefjorden
- Gjennomføring av synfaringar, folkemøte, konferansar og andre mindre aktivitetar som naturleg blir belasta prosjektet sine løyvde midlar

Rapportering – Løyvde midlar for 2023

Stad kommunestyre gjorde i møte 27. oktober 2022, sak KS-22/137, følgjande vedtak:

1. Stad kommunestyre vedtek å løyve kr 3 mill. frå kommunen sitt disposisjonsfond for førebuing og gjennomføring av prosjekt og tiltak knytt til Stad skipstunnel som må starte i 2023, og som ikkje kan finansierast over investeringsbudsjettet.

2. Administrasjonen får mynde til å fordele den økonomiske ramma ut på dei utvalde prosjekta/tiltaka, som m.a. femner:

- *Starte arbeidet med ein hamnestrategi for Stad kommune, inkl. tilråding om konseptutvikling av nye og eksisterande hamner*
- *Vidareføre arbeidet med moglegheitsstudien for Moldefjorden/Kjøde og starte arbeidet med stadutviklingstiltak og løfte fram kulturarven*

- Gjennomføre forprosjekt for kommersiell utvikling og drift av tunnelportalområdet ved Moldefjorden
- Vidareføre arbeidet med ein informasjonspakke og presentasjon av Stad som vertskommune.
- Nødvendig bistand til juridisk rådgjeving og anna rådgjeving for å kunne ta i vare Stad kommune sine interesser

Når det gjeld oppdraget med å starte arbeidet med ein hamnestrategi for Stad kommune, så er dette arbeidet starta opp. Ein har hatt ute ein anbod på kartlegging- og rådgjevingsteneste, med det formål å få utarbeidd ein rapport som gjev oversikt over eksisterande hamner og kaier i Stad kommune. Dagens funksjon, kapasitet og mogelegheit for utviding skal greiast ut. Planlagde, ikkje gjennomførte, prosjekt skal og vere med i oversikta. Oversikta skal omfatte både private og offentleg eigde anlegg. Kartlegginga skal og omfatte Vanylven og tidlegare Vågsøy kommunar, men på eit overordna nivå. Det vil bli lagt opp til politisk involvering når innsiktsfasen (kartleggingar og intervju) er avslutta.

Forprosjekt for kommersiell utvikling og drift av tunnelportalområdet ved Moldefjorden er gjennomført av PWC, og ein enkel rapport ligg føre. Stad kommune har delteke i arbeidet med detaljregulering av området rundt tunnelportalen på Moldestad, og området er føreslege regulert til vidare konseptutvikling innan særleg reiseliv. Det er ønskeleg å vente med eit hovudprosjekt vedkomande aktuell driftsform inntil endeleg budsjettløyving for skipstunnelen ligg føre. Som ein del av eit hovudprosjekt vil ein også arbeide vidare med moglegheitsstudien for Moldefjorden/Kjøde. Moglegheitsstudien har elles inngått som ein del av eit kunnskapsgrunnlag for det regionale ringverknadsarbeidet som Stad Vekst, Måløy Vekst og Vanylven utvikling snart har slutført i form av eit forprosjekt. Rapporten er venta å liggje føre i juni 2023.

Stad kommune har gjennomført forstudie for etablering av ny vassforsyning frå Berstadvatnet. Konesjonssøknaden er snart ferdig utarbeidd og skal etter planen sendast inn til NVE for handsaming og godkjenning ila. våren 2024. Arbeidet med grunnlaginformasjon til søknaden har vore ein krevjande prosess. Mange tunge utgreiingar har bla. påverka framdrifta i søknadsarbeidet. Viser til vedtak i KS 23/032 om finansiering forstudie Berstad vassverk. Det vart løyvd kr 1. mill. frå kommunen sitt investeringsfond. Som grunnlag til budsjett vart det då tatt høgde for arkeologiske registreringar. Med grunnlag i rapportane frå fylkeskommunen gjorde Riksantikvaren vedtak om snarleg utgraving for å unngå tap av kulturminne. Tiltakshavar (Stad kommune) har med grunnlag i dette dekkja 100% av kostnadane jf. budsjettoppsett frå UIB kr 1.250.000,- + kommunes eigne kostandar. I vedteke budsjett var det ikkje avsett midlar til dette. Denne ekstrakostnaden og arbeidet vart finansiert med ved eit hastevedtak av ordførar, finansieringa vart løyvd frå kommunen disposisjonsfond. Ein økonomisk sluttrapport vert lagt fram når konsesjonsarbeidet er ferdig.

Planen vidare er at

konsesjonssøknaden vert ferdig handsama av NVE tidleg år 2025.

Stad kommune har elles utarbeidd ein statusrapport som synleggjer korleis kommunen tek i vare si rolle som vertskommune og samarbeidspart for Kystverket. Denne rapporten vert presentert for Stad kommunestyre som ei eiga sak. Rapporten vart sendt Nærings- og fiskeridepartementet 4. juli 2023, der ein m.a. skreiv følgjande:

«Stad kommune er vertskommune for prosjektet Stad skipstunnel, og er som følgje av det også ein formell avtale- og samarbeidspart for Kystverket i prosjektet. Stad kommune har merka seg at det i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2023 vart stilt følgjande spørsmål, jf. spørsmål 12 frå Finanskomiteen/Vs fraksjon av 19.5.2023:

«Hvor store kostnader har berørte kommuner og næringsliv i disse kommunene p.t hatt på forberedende arbeid til bygging av Stad Skipstunnel inn mot byggestart (reguleringsarbeid, forberedende arbeid til å ta imot tunnelmasser etc)?»

Nærings- og fiskeridepartementet gav følgjande svar:

«Nærings- og fiskeridepartementet er kjent med at Stad, Vanylven og Kinn kommuner har brukt ressurser på reguleringsplanarbeid med tanke på bruk av overskuddsmasser fra prosjektet Stad skipstunnel. Vi har ikke oversikt over hvor stor ressursbruk som har påløpt for disse kommunene eller eventuelle andre aktører i tilknytning til prosjektet.»

Stad kommune har på denne bakgrunn utarbeidd eit dokument som synleggjer korleis Stad kommune som vertskommune samarbeider med Kystverket, og elles legg til rette for størst mogleg verdiskaping rundt skipstunnelen. Dokumentet synleggjer også næringslivets arbeid med å legge til rette for mottak av massar frå skipstunnelen, og peikar elles på dei negative konsekvensane for innbyggjarar og næring at endeleg avgjersle om bygginga av skipstunnelen enno ikkje er teken.»

Årsrekneskap

Revisjonsmelding

VESTLAND REVISJON

Kommunale Oppgåvefelleskap

Forretningsadresse: Førde, Sunnfjord Rådhus, Hafstadvegen 42, 6800 Førde
Postadresse: Postboks 487, 6803 Førde - Org.nr. 923 249 478 MVA
E-post: postmottak@vestrev.no
www.vestlandrevisjon.no

Bankkonto 3705 40 64838
Dagleg leiar **Asgeir Tveit**
Mobilnr. 908 74 388
E-post: asgeir.tveit@vestrev.no

Til kommunestyret i Stad kommune

Kopi:

Kontrollutvalet
Formannskapet
Kommunedirektøren

Dykkar ref.:

Vår ref.:
KRS

Arkivkode:

Journalnr.:
030/2024

Dokumentdato:
09.04.2024

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Utsegn om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Stad kommune, som viser eit netto driftsresultat på kr 913 287 i kommunekassa, og eit netto driftsresultat i den konsoliderte årsrekneskapen på kr 937 067.

Årsrekneskapen er samansett av:

- kommunekassa sin årsrekneskap, som består av balanse per 31. desember 2023, oversikt over løyvingar til drift og investering, økonomisk oversikt drift og oversikt over samla budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjonar for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, samt notar til årsrekneskapen, og
- konsolidert årsrekneskap, som består av balanse per 31. desember 2023, driftsrekneskap og investeringsrekneskap, for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, og notar.

Etter vår meining er:

- oppfyller kommunekassa sin årsrekneskap gjeldande lovkrav og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunekassa per 31. desember 2023, og av resultatet for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med kommunelova og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.
- oppfyller den konsoliderte årsrekneskapen gjeldande lovkrav og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Stad kommune som økonomisk eining per 31. desember 2023, og av resultatet for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med kommunelova og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift, god kommunal revisjonsskikk i Noreg og International Standards no Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av kommunen i samsvar med krava i lover og forskrifter i Noreg, og har etterlevd dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta

revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkeleg og føremålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Årsmeldinga

Kommunedirektøren er ansvarleg for informasjonen i årsmeldinga. Vår konklusjon om årsrekneskapen ovanfor dekkjer ikkje informasjonen i årsmeldinga.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese årsmeldinga. Føremålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen av årsrekneskapen, eller om informasjonen i årsmeldinga elles tilsynelatande er vesentleg feil. Vi har plikt til å rapportere dersom årsmeldinga tilsynelatande er vesentleg feil. Vi uttaler oss om årsmeldinga datert 26.03.2024 og har ikkje noko å rapportere om det.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav og
- at opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer overeins med årsrekneskapen.

Vi viser elles til avsnittet «Utsegn om forklaring for vesentlege budsjettavvik» under vår utsegn om andre lovmessige krav.

Kommunedirektøren sitt ansvar for årsrekneskapen

